

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.02.2020

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Gerd Solheim, Svein Tomas Villanger, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen.

Varamedlemer: Kjell Dahle

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik, Arne Lerøy.

Møtte ikkje: Kine Lerøy

Saker til førehaving:

F -01/20 – F-05/20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 02/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Svein Tomas Villanger og Bjørn Helge Olsen.

F – 03/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 04.12.2019

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 04.12.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 04.12.2019 vart godkjent utan merknader.

F – 04/20 ORIENTERINGAR

- Status for framdrifta av bærekonstruksjonane i kyrkja
- Førebels orientering om rekneskapen for 2019
- Utdeling av teiepliktsskjema til medlemmene i soknerådet.

Sagt i møtet:

Det er behov for å planleggja reingjering av kyrkja, etter byggmester er ferdig med arbeidet sitt. Vi kan gjera oss nytte av rullestillaset, som kommunen eig. Det vil vera eit behov for å vurdere om vi skal ta alt dette arbeidet som dugnad eller om vi (av sikkerheitsgrunnar) bør ha eit firma som utfører reinhald på dei mest utilgjengelege stadene.

F – 05/20 OPPNEMNING AV ADMINISTRASJONSUTVAL

Framlegg til vedtak:

Med heimel i kyrkelova § 35 og § 14, oppnemner Austrheim sokneråd følgjande personar til administrasjonsutvalet – eller partssamansett utval - for soknerådsperioden (fram til 01.desember 2023):

- *Inger Synnevåg – leiar*
- *Bjørn Helge Olsen – nestleiar*
- *Amelie Katarina Knieriem – representant for tilsette.*
- *Oddrun Karin Sæle vert oppnemnt som vara for dei tilsette.*
- *Kyrkjevevja er sekretær for utvalet.*

Administrasjonsutvalet får tilsetjingsfullmakt for stillingar under fellesrådet, med unntak av kyrkjeverjestillinga. Administrasjonsutvalet drøftar saker som vil kunna påvirka forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, til dømes lønspolitiske retningslinjer, eller endringar i organisasjonen som vil påvirka dei tilsette sin arbeidssituasjon. I slike saker har tilsette sin representant talerett i soknerådet. Leiarlønna vert avgjort i soknerådet (fellesrådet) og ikkje i administrasjonsutvalet.

Vedtak:

Med heimel i kyrkjelova § 35 og § 14, oppnemner Austrheim sokneråd følgjande personar til administrasjonsutvalet – eller partssamansett utval - for soknerådsperioden (fram til 01.desember 2023):

- ***Inger Synnevåg – leiar***
- ***Bjørn Helge Olsen – nestleiar***
- ***Amelie Katarina Knieriem – representant for tilsette.***
- ***Oddrun Karin Sæle vert oppnemnt som vara for dei tilsette.***
- ***Kyrkjeverja er sekretær for utvalet.***

Administrasjonsutvalet får tilsetjingsfullmakt for stillingar under fellesrådet, med unntak av kyrkjeverjestillinga. Administrasjonsutvalet drøftar saker som vil kunna påvirka forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, til dømes lønspolitiske retningslinjer, eller endringar i organisasjonen som vil påvirka dei tilsette sin arbeidssituasjon. I slike saker har tilsette sin representant talerett i soknerådet. Leiarlønna vert avgjort i soknerådet (fellesrådet) og ikkje i administrasjonsutvalet.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.02.2020

Tilstades på møtet

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Gerd Solheim, Svein Tomas Villanger, Anne Dahle Austrheim, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Bjørn Helge Olsen, Rune Minde.

Varamedlemer: Kjell Dahle.

Andre: Kommunal representant : Hege Ramsland

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik, Arne Lerøy.

Desse møtte ikkje: Kine Lerøy

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 01– S 07/20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 02/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 04.12.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 04.12.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 04.12.2019 vart godkjent utan merknader.

S – 03/20 ORIENTERINGAR

- Årsmøte 4.mars 2020
- Oppussing av våpenhuset?

Sagt i møtet:

Håvard Gizendamer har takka ja til å koma på årsmøtet. Han skal ha eit innlegg der han kjem med sitt skråblikk på kyrkja. Prost Helge Taranrød vert med på årsmøtet. Det er også retta spørsmål til eit par personar om å bidra musikalsk.

Randi Minde og Svanhild Neteland skal sjå på om det er mogeleg å gjera noko med våpenhuset for at inngangspartiet skal sjå litt finare ut. Olaug Sætre kan eventuelt kontaktast om ein ønskjer fleire innspel på interiøret.

S – 04/20 OPPNEMNING TIL DIAKONIUTVALET

Framlegg til vedtak:

Gerd Solheim vert oppnemnt som soknerådet sin representant til diakoniutvalet for denne soknerådsperioden.

Vedtak:

Gerd Solheim vert oppnemnt som soknerådet sin representant til diakoniutvalet for denne soknerådsperioden (einstemmig).

Bakgrunn:

Soknerådet har hatt tradisjon for å ha ein av sine representantar med i diakoniutvalet, for ivareta kontakten mellom soknerådet og diakoniutvalet. Gerd Solheim er spurt og har takka ja til utfordringa.

S – 05/20 GJENNOMGANG AV SOKNERÅDET SINE NEMDER

Framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet

Vedtak:

Sagt i møtet:

Soknerådet ønskjer som ein hovudregel at dei friviljuge sitt engasjement kan avgrensast til soknerådsperioden, slik at ein unngår at friviljuge vert gåande år etter år utan at ein på ein strukturert måte vert sett og får eit høve til å forlenga engasjementet sitt eller til å trekkja seg. Soknerådet ber kyrkjeverja presentera eit system på oppfølging av dei friviljuge.

Soknerådet meiner at Kyrkjebakken er ein fin stad for å presentera dei ulike friviljuge gruppene i kyrkjelyden på. Årsfesten er ein sjølvsagt stad å presentera dei friviljuge på .

I soknerådet kom det også fram at ein kunne tenkt seg følgjande nye grupper med friviljuge:

- *Søndagsskulenemd (tilbod under gudstenestene)*
- *Kyrkjekaffigruppe*
- *Teknisk gruppe*

Bakgrunn:

AU har drøfta saka i sitt siste møte. Soknerådet har behov for å drøfta korleis vi klarar å følgja opp dei friviljuge. Tidlegare har ein hatt tidsavgrensing på dei frivillige engasjementa. Slik tidsavgrensing har vi ikkje no med unntak av dei friviljuge som er engasjert i soknerådet og administrasjonsutvalet, som har ei lovfesta tidsavgrensing. Administrasjonen har ei ganske lang liste på personar som er eller har vore engasjert som friviljuge til ulike oppgåver. Nokon har hatt sporadiske oppgåver, medan andre er gjengangarar og har eit frivillig engasjement på fleire felt. Spørsmålet er om det er strategisk lurt å ha ein strukturert gjennomgang med dei mest aktive friviljuge for at dei skal bli sett, få høve til å gje tilbakemelding og få høve til å seia ja (eventuelt nei) til å bli med vidare for ein ny (og tidsavgrensa) periode. Det er ønskjeleg med ei drøfting i soknerådet om dette og med ønskje om innspel til korleis oppfølginga av dei friviljuge kan løysast.

Her kjem ei oversikt på nokre av dei utvala vi har:

- Diakoniutvalet. Har møter ca 4 gonger i året. Arrangerer sommarfest på Nordliheimen og diakonifest på kyrkjelydshuset. Dei bridreg også på 2 gudsteneste for alle. Hovudoppgåva er likevel utdeling av blomar til etterlatne og roser – men no mjølkehjarte – til dei som er over 80 år.

Med i dette utvalet er: Britt Rebnord, Bodil Monslaup, Anny Berthelsen, Solrunn Monslaup, Torunn Helland Karlsen, Målfrid Haugland.

- Trusopplæringsnemd: Gunn Håland Dyrkolbotn, Svanhild Neteland, Anny Berthelsen (Ingen faste møter – ad.hoc prega)
- Klokkarar: Tove Daae, Bjarne Neteland, Gunn Håland Dyrkolbotn, Evelyn Bjørnebekk og Gro Johannessen (gudsteneste for alle)
- Kyrkjevertar: Britt Rebnord, Svanhild Neteland, Lilly Sætre, Anne Dahle Austrheim, Eli Lerøy.
- Forsoningsgruppe: Trygve Gjerde, Hanne Daae, Astrid Skodvin, Ann Karin Sæle, Amelie Knieriem, Gunn Håland Dyrkolbotn, Svein Tomas Villanger.
- Redaksjon Kyrkjebakken: Jorunn Kårdal, Svein Tomas Villanger (i tillegg til Jostein Hauge og Leif Arne Økland).

S – 06/20 VIDAREFØRING AV GJEVARTENESTA

Framlegg til vedtak:

Soknerådet ber AU utgreia høvet for å auka opp gjevartenesta og koma tilbake til soknerådet med ein plan for dette, samt etablera ein gjevartenestekomité, som kan bidra med framdrift for å få opp nivået på gjevartenesta.

(Vedtak)

Dette kom fram i møtet:

Dei faste givarane som vi allereie har må få eit brev med takk for det dei har bidratt med til no og med oppfordring til å bli med vidare – og sjølvstilt til å trekkja seg, om dei skulle ønskje det. Brevet skal innhalda informasjon om endringar i formålet til gjevartenesta, sidan oppstarten og til no. Vidare skal det informerast om at vi frå 2020 tek ut tilsvarande sum vert samla inn årleg (ca 100.000 kroner), for å dekkja delar av løna til trusopplæringsstillinga.

Soknerådet ønskjer også at det vert prøvd rekruttert fleire til gjevartenesta og at formålet vert todelt:

- *Første formål: støtte til trusopplæring*
- *Andre formål: støtte til nytt forsamlingshus ved kyrkja.*

Bakgrunn:

Vi har no 15 faste gjevarar og har samla inn 105.000 i 2019. Formålet har endra seg dei siste åra. Det er likevel ikkje brukt midlar frå gjevartenestekontoen, som er ein bunden konto, som ved utgangen av 2019 hadde ein saldo på 400.000 kroner. Opprinneleg formål for gjevartenesta, som vart etablert for om lag 5 år sidan, var å samla inn pengar til ein ungdomsarbeidar. Dette utvikla seg vidare til å dreia seg om å samla inn pengar til ei ekstra prestestilling. Dei økonomiske realitetane vi no står overfor, er at vi ser oss nødt til å bruka av gjevartenestekontoen til å løna trusopplæringsmedarbeidaren vår.

AU drøfta denne saka i sist møte og meiner det er rom for å auka opp nivået på gjevartenesta. AU meiner det er rom for ei todelt gjevarteneste, der eine delen kan gå til trusopplæring, medan den andre delen kan vera å etablera ei eiga innsamling til nytt forsamlingshus ved kyrkja. Dette kan vera med på å auka engasjementet for kyrkja.

AU ønskjer at det vert etablert ein eigen gjevartenestekomité som kan leggja trykk på denne saka.

S – 07/20 VEGEN VIDARE FOR SOKNET – MEIR OM MÅLSETJINGAR.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet utan framlegg til vedtak.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn:

Soknerådet har tidlegare hatt ein prosess der ein har drøfta visjon og målsetjingar for kyrkjelyden. Ein har hatt følgjande mål og visjon for arbeidet:

Arbeidsmålet for kyrkjelyden i Austrheim:

»Den Norske kyrkja i Austrheim skal vera ei vedkjennande, misjonerande, diakonal og open folkekyrkje.

I forkynning, opplæring og omsorgsteneste er målet at menneska skal koma til tru på Herren Jesus Kristus og finna ein plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap

Visjon

Austrheimkyrkja – tru, fellesskap og deltaking.

Dette kan vera bakteppet for den vidare drøftinga i soknerådet.

Ein innfallsvinkel kan vera å sjå om det er ønskjeleg å gjera endringar både i mål og visjon.

Så kan ein ta ei drøfting på korleis dette vil få konsekvensar for :

- Gudstenestelivet
- Konfirmantarbeidet
- Barn og unge
- Det diakonale arbeidet
- Kommunikasjonen ut via Kyrkjebakken, heimesida og facebook.
- Nytt forsamlingsbygg ved kyrkja.
- Endra kontorlokale.

Dato for neste soknerådsmøte vert endra frå torsdag 2.april til onsdag 1.april kl 18.00 (NB- merk klokkeslettet). Møtet vert flytta på grunn av kollisjon med kommunestyremøtet, som vert torsdag 2.april.